

Innkalling til møte i Samarbeidsutvalet

Møtenummer:	1/2024
Dato:	12.2.2024
Tid:	17.30-19.30
Stad:	Sjernerøy oppvekstsenter – 5.-7. trinn

17.00-17.30:	Kun representantar frå FAU
17.30-18.00	Elevrådet deltar i lag med SU og FAU
18.00-19.30	FAU/SU avsluttar møtet utan elevråd

Tilstades: Ragnhild O Steigen, Irene Norheim, Rannveig Øvrebø, Espen Havn, Anna Blawat og Alice Helgøy. Deltaking via teams: Jarand Larsen-Rodvelt, Caroline Ytrenes Sæle og Yvonne Aartun. Maren Elise Mjølhus og Ole Andreas Helgøy-Hetland deltok som representantar for elevråd.

1. Sakar frå elevrådet

Lærarane må bli flinkare til å gi bra-kort (4. klasse) Ynskjer at lærarane skal ha meir fokus på dette. Alice tar dette vidare til lærarane.

Litt meir brettspel, Rannveig har handla inn nokre spel, skulen ynskjer innspel på kva spel dei ynskjer. Kanskje dette kan inngå i søknaden til Sjernerøy vekst. Rumpebrett blir nemnt, me har mange.

Elevane ynskjer innefriminutt, etter været. Elevane er inne ofte halve friminuttet. Fleire av elevane ynskjer å vera ute.

Elevane ynskjer seg kopper i klasserommet, dei kan ha med heimefrå, men må vaskes heime. Dette er av hygieniske årsaker.

2. Foreldre- og elevundersøkingar i skule og barnehage, ein gjennomgang

Elevundersøkinga vår er prikka. Me er i kontakt med kommunen for å få ei innsikt, men per dags dato får me ikkje henta informasjon. Denne blei gjennomført i 5.-7. trinn. Jarand gjennomfører jamnleg undersøkingar i klasserommet. Desse viser at det er

god trivsel i 5.-7. trinn. Det blir gjennomført samtalar med elevar på kvart trinn. Tilsette drøfter elevar på alle trinn i fellesskap.

Elin informerer om at undersøkingane er tatt opp i kommunalt foreldreutvalg. Det kjem stygge mobbetal fram i undersøkinga nasjonalt. Kan Stavanger kommune sende ut? Det er fleire skular som ikkje gjennomfører.

Me er over snittet i gjennomføring foreldre, 19 av 29 som har svart. Det er bra. Det var mange undersøkingar som blei sendt ut i denne perioden, det kan vera årsaka til at mange ikkje svarte.

Foreldreundersøkinga i skulen viser at nokre barn ikkje har det greitt på skulen. Skulen har satt inn tiltak og vil bruke foreldremøte på korleis me kan gjere dette betre.

Elevane opplever at dei vaksne "gjer ingenting". Tilsette har samtalar med elevane og forklarar og følgjer opp. Det har vært møte med 3. trinn. Ragnhild ber om at referatet kan sendes ut til alle da dette var eit godt møte.

Trinnmøter for resten av trinna blir holdt same dag som foreldremøte.

Undersøkinga frå barnehage:

Me har brukt personalmøte til å gå gjennom undersøkinga og vil bruke foreldremøte på å presentere korleis me jobbar med plan for godt og trygt barnehagemiljø.

Det skal henges opp vaktliste i garderoben for å vise foreldra kven som er på jobb til kvar tid.

3. Foreldremøte 22. februar i skulen, 6. mars i barnehagen. Begge deler skal handle om trygt og godt miljø. FAU kan presentere seg sjølv og kva dei jobbar med på begge møter.

Foreldre kan synes det er vanskelig dersom det er tilsette med frå skulen når me skal ha gruppearbeid. Kan det vera ein betre ide å ikkje ha tilsette med på gruppa? Kan me ha til dømes dei ti første minutta med berre foreldre og så kjem læraren inn på gruppa.

Samarbeidet heim-skule er også viktig.

På tredjeklassetrinnet blei det understrekt at det var mykje utbyttinger i haust.

SU understreker at det er viktig å vise alt det gode som blir gjort. Og at me er mennesker me som jobber på skulen og i barnehagen.

4. Ymse

Mat i barnehagen

- Det kjem eit spørsmål om ultra prosessert mat i barnehagen frå foreldregruppa. De klarer ikkje ta bort alt, men det er fokus på det. Det er ikkje syltetøy, ikkje prim kvar dag. Det er mykje fokus på sunn mat. Det skal alltid være fisk på bordet. Dette bør komme fram på foreldremøtet. Matprisane har auka mykje dei siste åra. Kan me auke matprisene ein gong til?

Nasjonale prøver, Alice informerer om "trend" over år. Me har to elevar på 5. trinn i år. Me kan ikkje gå inn på resultater.

Vigilo; kan me rydde i tilsette? Kan me ta bort fråvær-knappen på SFO? Det er ei utfordring for tilsette å finne meldingar dersom dei blir sendt som fråvær i SFO-delen av Vigilo. I vinterferien må me informere om kven som jobbar.

SU/FAU lurar på når skal me starte med Vigilo i barnehagen? Alice må informere ut om utfordringar knytta til Vigilo i barnehagen.

Dei nye heimesidene skal settes i bruk. FAU/SU skal kunne legge ut sjølv eller ha rutine.

Trafikksikkerhetsplan og innspel til denne: skulen sender ut eige innspel. FAU/SU sender ut sitt eige.

FAU/SU ynskjer å kartlegge rundt bokmål/nynorsk, trenger e-post frå alle foreldre.

Korleis kan SU/FAU bidra inn i budsjett-forhandlinger? Oppvekstsenteret skal i møte med rådgjevar, me tar dette vidare når me veit meir om korleis tildelinga blir.

Dersom me skal ut og reise må me sjekke med Rødne om me kan reise gratis.

Støy på kompisane; det er nevnt lettvegger inne på avdelingen. Barnehagen er i kontakt med byggdrift om korleis me kan legge betre til rette for støydemping på avdelinga.

Siste møte er 29.4 17.30-19.00

Alice Helgøy

